

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samråystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet gjev fylkesdirektøren fullmakt til å kunngjere konkurranse og inngå kontrakt for individuelt tilrettelagt skuleskyss frå og med skuleåret 2022/2023, med varigheit på to år, med opsjon for å forlenga 1+1 år. Konkurranse og kontrakt gjeld for områda Askøy, Austevoll, Bergen, Bjørnafjorden nord (tidlegare Os), Osterøy og Øygarden.
2. Kvalitet ut mot brukaren og moglegheit til å følgje opp kvalitetsavvik må inn i kontraktane. Til dømes må leverandørar som ikkje klarer å vere punktlege i høve til kva tid skyssen er tinga til, kunne ileggast ein reaksjon. Det er også eit sterkt ønskje om å kunne tilpasse at det er få sjåførar inn mot brukarane som, av diagnosegrunnar, har svært vanskeleg for å forholde seg til fleire/mange personar. Fylkesutvalet ber om at det vert vurdert om det kan løysast med vektning i utlysingskriteria.